

## MØTEBOK

### HALLINGTINGET

**TID:** 7.11.2014  
**STAD:** Ål, Hallingdal Feriepark

#### Desse møtte på Hallingtinget :

<b>Hol kommune</b>	<b>Hemsedal kommune</b>
Tony Arild Kjøl Ingjerd Almås Anfinset Erik Kaupang Hallvard Lilleslett Solveig Håvæit Markegård	Oddvar Grøthe Tove Eggen Lien Olav Støyten Odd Holde Tor Grøthe
<b>Ål kommune</b>	<b>Nes kommune</b>
Ivar Brevik, Hallgrim Sataslåtten Harald Varlid Ove Bråten Ingeborg Frydenlund	Tor Magnussen Endre Storhaug Hildegunn Mikkelsplass
<b>Gol kommune</b>	<b>Flå kommune</b>
Hallvor Lilleslett Hanne Brunborg Ludvig Munkejord Heidi Granli	Tor Egil Buøen Karsten Ekeren Stian Bakken

**Av rådmennene møtte:** Lar Ole Skogen, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Sveinung Halbjørhus, Hemsedal kommune, Torbjørn Hansen, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar  
 Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Tore Gilhuus.

#### **SAK 10-14 FYLKESMANNEN I BUSKERUD, «KOMMUNEREFORMA I HALLINGDAL»**

Fylkesmannen i Buskerud ynskte eit oppfølgingsmøte med kommunane i Hallingdal knytt til kommunereforma, dette vart gjennomført som ein del av Hallingtinget. Følgjande deltok:

- Fylkesmann Helen Bjørnøy
- Kommunikasjonsrådgjevar Kirsti Retvedt
- Fagdirektør Odd Rune Andersen
- Avd.direktør Per Langeland, NHO
- Spesialrådgjevar Yngve Carlsson,

Fylkesmann Helen Bjørnøy innleia:  
 «I lys av kommunereformen, hvilken betydning har regional utvikling for kommunens fremtidige tjenestetilbud?» Vedlagt presentasjon.

Per Øyvind Langeland, NHO heldt innlegg med tittel:

«Næringslivets behov i forhold til offentlig sektor. Bo- og arbeidsregioner, attraktivitet og kompetanse.» Vedlagt presentasjon.

Odd Rune Andersen innleia til arbeid i grupper, der SWOT-analyse vart nytta som verktøy. Vedlagt presentasjon «SWOT-analyse» som verktøy i reformprosessen.

Etter innleiing om SWOT-analyse som metode, vart Hallingtinget delt inn i tverrkommunale diskusjonsgrupper for nærmere drøfting av styrker og svakheiter for innbyggjarane ved å gå inn i ei større kommune. Vidare vart mogelegheita og truslar ved ei større kommune drøfta. Etter gruppediskusjonane vart ulike moment frå diskusjonane drøfta vidare i plenum.

#### **SAK 11-14 BERGENSBANEN, STAUS OG MOGELEGHEITER, ORIENTERING/DRØFTING**

Strategidirektør sør/vest Lars Christian Stendal i Jernbaneverket orienterte om status for arbeidet med Ringeriksbanen og vidare prosess, vedlagt eigen presentasjon.

Dagleg leiar Adelheid Nes i Forum Nye Bergensbanen (FNB) orienterte om arbeidet til FNB og «Nye Bergensbanen», Oslo – Bergen på 4 timer. Vedlagt presentasjon.

#### **SAK 12-14 ØKONOMIPLAN 2015 – 2018 OG ÅRSBUDSJETT 2015**


##### **Vedtak**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2015, med ei kommunal finansiering på kr. 1.740.000. Foreslått auke er i samsvar med prisendring i kommunesektoren.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2015 – 2018. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2015.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjettetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

I samband med lunsjen var det lansering av boka «Historia om Hallingdal»

Å1 20.11.2014

Rett utskrift



Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

**Vedlegg presentasjonar (ligg på [www.regionraadet.no](http://www.regionraadet.no), møtebok Hallingtinget):**

- Sak 10-14; Fylkesmann Helen Bjørnøy
- Sak 10-14; Per Øyvind Langeland, NHO
- Sak 10-14; SWOT-analyse
- Sak 11-14; Lars Christian Stendal, strategidirektør sør/vest i Jernbaneverket
- Sak 11-14; Adelheid Nes, dagleg leiar i Forum Nye Bergensbanen (FNB)

Lenke til Hallingdølen si nett-tv sending med debatt kommunereform og boklansering:  
<https://publisher.qbrick.com/Embed.aspx?mcid=079E5FEAaeee795c>

